

Årsmøteprotokoll 2011

Førde Bridgeklubb

Dato: 03.03.12 kl. 16.30

Stad: Sunnfjord Hotell

Antall møtte: 20 medlemmar

SAK 1: Godkjenning av innkalling

- Innkallinga blei godkjent slik den låg føre.

SAK 2: Val av møteleiar

- Åsbjørn Hegrenes vart valt som møteleiar for årsmøte

SAK 3: Val av referent

- Edvard Tønning vart valt som referent frå årsmøte

SAK 4: Val av to personar til å signere årsmøteprotokollen

- Geir Angedal og Rolf Helge Myren vart valt som representantar frå Førde BK til å signere årsmøteprotokollen

SAK 5: Årsmelding

- Årsmeldinga vart godkjent utan merknader

SAK 6: Rekneskap

- Rekneskapen vart godkjent med merknad:

Merknad:

Styret må lage reglar for: refusjon/ikkje refusjon, av utgifter til matsservering under NM kampar.

Sak 7 Nedgang i deltaking på klubbkveldar og turneringar

Merknader/vedtak:

Klubben/medlemmar må jobbe aktivt for å stoppe, og helst snu den negative utviklinga.

Behovet for utdanning av ny(e) tevlingsleiar(ar) vart understreka.

Klubben ynskjer at ein eller fleire tek kurs, og vil bidra med økonomisk støtte.

Sak 8 Starttid for klubbkveldar. (kl.18, 18.30 eller 19 ?)

Vedtak: Starttid for klubbspeling vert kl.18.30., heile året.

Ny starttid trer i kraft etter påske.

Merknader: Klubben må ha betre struktur når det gjeld tidsbruken på klubbkveldar. Ofte tek det for lang tid. Klubbkvelden skal, som regel, avviklast på 4 timar, eller mindre.

Klokka(tidsuret) skal nyttast.

Det kan godt vere ein person som har ansvaret for «tempoet» den aktuelle kvelden.

Sak 9 Rekruttering

Merknader/vedtak:

Nye medlemmar, td. etter kurs, skal ha betre oppfølging.

Kvart nytt medlem skal ha ein kontaktperson

Sak 10 Dubleringsmaskin/sponsoravtale

Merknader/vedtak:

Ny dubleringsmaskin er bestilt, og undervegs.

Kortdubleraren vår vil gje seg, og klubben treng ein ny person som vil ta på seg denne jobben-

Sak 11 Premiering for klubbpoeng gjennom året

Merknader/vedtak:

Vi beheld premieringa slik den er i dag, men tid og stad for utdeling av premien må vurderast.

Sak 12 Nytt kontingentsystem frå NBF

Merknader/vedtak: Ingen

Sak 13 Krinsting, 24.03. Saker?

Merknader:

Førde bk bør ha eit medlem i krinsstyret. Medlemmane vert oppfordra til å stille seg til disposisjon.

Klubben må ha dialog med krinsen og andre klubbar, for å samarbeide om tidspunkt for turneringar.(td. i jula og påska)

Sak 14 Val av styre, valnemnd og revisor

Nytt styre:

- Leiar - Åsbjørn Hegrenes, 1 år (på val i 2013)
- Kasserar - Dagfinn Vik, 1 år (på val i 2013)
- Styremedlem - Sjur Wie, 2 år
- Styremedlem - Edvard Tønning, 2 år
- Styremedlem - Jens Sagevik, 2 år

Styret vil konstituere seg på fyrste styremøte.

Ny valnemnd:

Arild Hoff, 2 år, og Øystein Vasset, 2 år.

- Revisor: Per Christian Gjerde, 1 år (på val i 2013)

Årsmøte slutt: kl.18.05

Signering av Årsmøteprotokoll:

Geir Angedal

Rolf Helge Myren